



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2015.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr  
Visepres: Eileen Brandal  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Øystein Alme  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Styremedlem: Hanne Rognan  
Ansv.red.: Karin S. Holstad  
Referent: Gunnar Riise

## Høstsang

Vingede Skarer  
Fly de sorte Skove.  
Under dem farer  
Storm paa vildest Vove;  
Over dem blinker  
Stjernen mildt, og vinker  
Toget til Palmernes Ly.

Ak, om jeg kunde  
Følge Fuglens Baner,  
Vilde jeg blunde  
Dog blandt mørke Graner;  
Hist i det Fjerne  
Vinker ingen Stjerne  
Saa sødt som Drømmene her.

Hør, hvor min Glæde  
Klang fra alle Dale,  
Her, hvor min spæde  
Blomst er lagt i Dvale,  
Her vil jeg sprede  
Om min dunkle Rede  
Vingen, og vente min Blund.

I mine Drømme  
Gror der Liljer fagre,  
Der ser jeg ømme  
Foraars-Alfer flagre;  
Af mine Grave  
Danne de en Have,  
Vække mig smilende der.

*Johan Sebastian Welhaven*

### Møte 05.10.15

Past president Øystein Alme ønsket velkommen til møte, og til åpning sang vi "Blant alle lande".

Dagens foredragsholder var Bjørn Åmundsen fra Telenor.

Vegard Gjerde introduserte han. Dei har kjent kvarandre godt gjennom fleire års samarbeid i Telenor, m.a. frå tida dei jobba i lag på Svalbard. Bjørn Åmundsen har ansvaret for mobildekninga til Telenor i heile landet og på Svalbard.

Han er no på ei landsdekkande rundreise i alle fylke, der han skal sjå på korleis Telenor si dekning er og møte kommuner og ordførarar landet rundt. Han tok føre seg utviklinga frå 1980-talet, då ein måtte søkje for å få mobiltelefon, og fram til i dag. Det har vore ei ekstrem utvikling både når det gjeld utbygging og dekning rundt om i landet, med stadig raskare nett. Målet er at alle som har taledekning i dag, skal ha 4G-dekning i løpet av 3 år. Fasttelefonnettet vert på sikt lagt ned, men ikkje før etter 2017. Når det gjeld utbygging, er den største tekniske utfordringa å få god nok dekning i tunnelar, som det blir stadig fleire av. Han kom også inn på den tøffe konkurransen med stadig nye aktørar. Tidlegare var inntektene til mobilselskapa gjennom tale og sms, men det er no nesten gratis i alle selskap, og det som kostar og som skaffar inntekter er datatrafikken. Og datatrafikken over nett aukar no med ca. 80% i året. Telenor har klare planar for å takle kriser i nettverket i samband med brann og uver, og har eit nært samarbeid med fylket sin beredskapsstab.

Til slutt inviterte han til å kome med spørsmål, og mange hadde spørsmål knytt til mobil og databruk som dei fekk greie svar på.



### Møte 12.10.15.

Denne dagen var det bedriftsbesøk hos Fantastiske Osberget i Ulsteinvik. Åge Grimstad og Magne Grimstad jr. tok imot oss og stod for presentasjonen av selskapet som har kontor både i Ulsteinvik og i Oslo og har totalt ca. 20 tilsette.

Selskapet er eigd av Åge Grimstad, og han er også dagleg leiar.

Åge orienterte om selskapet og fortalde om utviklinga frå starten og fram til i dag.

Dei arbeider med profilering og design for bedrifter og lag og organisasjonar over heile landet. Men det meste av oppdraga deira kjem frå lokale bedrifter.

Dei arbeider innanfor fire hovudområde som er : Grafisk design, webdesign, 3D&film og tekstforfattning.

Innanfor grafisk design er oppgåva å synleggjere selskapet gjennom god logo, profil og visuell identitet.

Gjennom webdesign hjelper dei med lagging av nye nettsider, eller oppdatering av den ein alt har. Ved hjelp av moderne utstyr bistår dei med gode løysingar tilpassa både brett og mobil. Dei hjelper også med digital marknadsføring, elektroniske nyheitsbrev, applikasjonar m.m Dei tilbyr det meste innen 3D, film og kinoreklame. Dei lagar manuskript og dreiebok, familiefilm, reklamefilm, forretningsfilm, produktfilm og kinoreklame.

I tillegg leverer dei tekster av alle slag, og kan utvikle eigne konsept og slagord. Og dei kan levere tekstene på det målføret ein ønskjer.

Dei ordnar også med pressemeldingar og pressekonferansar og kan kontakte aviser, fjernsyn og radio og andre mediekkanalar for kunden.

Fantastiske Osberget står også for design og produksjon av bøker, for det meste bøker knytt til nærområdet vårt.

Til slutt tok Magne oss med på eit historisk biletarkiv frå Hareid frå tidleg 60-tal og utover. Det var mange interessante bilete som viste stadar, bygningar og personar frå denne tida, og det vart ein ivrig diskusjon om kvar og når bileta var tekne, og kven som var med på bileta. Mange av bileta var det Arne Ola Grimstad som stod bak.



Åge og Magne Grimstad jr. f.å Fantastiske Osberget.

#### **Møte 19.10.15.**

Presidenten ønskte velkommen til møtet og til opning song vi "Fagert er landet"

Dagens program var årsmøte. Presidenten vart vald til å leie årsmøtet, og sekretæren vart vald som referent.

Presidenten for rotaryåret 2014/15, Øystein Alme, la fram styret si årsmelding. Der vart påpeika at det var nokre aktivitetar som ikkje var med, men dette vil Øystein oppdatere.

Kasserar Johs. J. Hareide gjekk gjennom rekneskapen for rotaryåret,

Rekneskapen er delt opp i ein driftrekneskap for klubben, ein eigen rekneskap for rotarystien og ein for kvernhuset.

Alt er revidert og godkjent av vår revisor Egil Utgård.

For driftsrekneskapen viser rotaryåret eit underskot på kr. 9.490,- og innestående på konto på kr. 47.615,57. For turstien er der eit overskot på kr. 78.449,60 og innestående på konto kr. 91.273,76, og for kvernhuset eit overskot på kr. 860,- og innestående på bankkonto kr. 28.148,-.

Innkomande styremedlem for 2016/17 er Vegard Gjerde.

Presidenten gjekk så gjennom budsjettet for rotaryåret vi no er inne i, og dei prosjekta og støttene han vil prioritere i komande år.

Når det gjaldt økonomien i klubben, var han opptatt av dei faste utgiftene som ikkje kan påvirkast og som berre aukar for kvart år.

Dette er stort sett kostnader vi får frå sentralt hald, og med eit synkande medlemstal vert dette ei stadig større utfordring for klubben.

Årsmeldinga og rekneskapen vart godkjende og vert lagt ut på heimesida til klubben.

#### **Møte 26.10.15.**

Presidenten ønskte velkommen til møte, og til opning song vi "Titt eg minnest ein gamal gard"

Dette var siste møte i månaden og dermed programfritt, men, som vanleg, med kaffi og kake.

Presidenten ønskte likevel å vise presentasjonen som vart vist på distriktkonferansen tidlegare i haust. Dette var ein bileteserie som viser litt av arbeidet og framdrifta i samband med bygging av rotary-stien. Dette prosjektet er også godt dokumentert med bilete og tekst i jubileumboka som vart utgitt i samband med 50års jubileet vårt i mars i år.

Presidenten viste også oppdatering av internettsida vår og korleis ein kan finne fram, og linken ein skal bruke når ein vil sjå på det som er før 01.07.15.